

Jorun Borge
Eidavegen 207
5993 Ostereidet tlf. 95251995. E post jor-borg@online.no

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
14 JUN 2019	
Ark. saksnr.	Løpernr.
Saksh.	Tilgangskode

Eknes 12.06.2019

Eilin H Molvik, Byggesak Lindås Kommune

Ulovleg bruk av privat veg på gbnr. 238/3 til 238/41 Eknes indre.

Svar på brev datert 27.05.2019.

Alle fire hyttene gbnr. 238/27- 41- 49- 57 har rett til å bruka den gamle gårdsvegen, men då løyvet vart gjeve var ikkje vegen kjørande med bil, Og som tidlegare opplyst har G. Guldbrandsøy fått løyve frå statens vegvesen til gangveg i 1975, og dei andre eigedomane skulle bruka same retten. Men det var ikkje rydda opp i avkjørsla byrjinga av 1990, så det løyvet var allerede då forelda.

Hyttena er bygd på 1970 og første del av 1980 talet, men på slutten av 1990 talet spurte dei om lov til å grusa hjulspora på vegen, så dei kunne sykla, Men då begynte dei å kjøra bil,

Så i 2001 fekk dei lov til å bygga veg langs Revhaugmyra, og parkeringsplass. Det som gjorde at dei fekk lov til det, er at skjøte til bnr. 27 er gjeve løyve til å bygga ein 2,5 m brei veg langs myrakanten og til tomten. Så bnnr. 27 og 57 parkerar på eigen grunn, men gnr. 41 og 49 dei fekk parkering på bnr. 3. Det vart då inngått ein muntleg avtale med underteikna grunneigar at dei hadde parkering med ein bil kvar. Men det er blitt meir trafikk, og med stadig større bilar. Utan meir løyve, eller oppgradering av vegen.

Så kom G. Guldbrandsøy og spurde om å få leggja ned fiberduk til å grusa ca. 1m. gangveg bort til porten, og det fekk han lov til. Men den gangvegen er vorten over 3 m. brei, det ser ut som det er fylt stein i myra. Og der vart kjørt med lastebil i fjor sommar, då eg stoppa arbeidet.

Den delen av vegen som er sterk nok til tunge kjøretøy er det stykket langs med Revhaugmyra som er nytt. Resten av vegen er gamal kjerreveg frå ca. 1800 talet, som er bygd etter terrenget med skråberg og rydningstein blanda med jord, og det er lagt grus etter hjulspora. Sånn er vegen i frå Fylkesvegen og til Revhaugmyra, og med store kjøretøy ligg dei heilt ute på ytterkanten av vegen.

Og Nordås fekk Norva24 til å inngå avtale om tømning av septiktanken, uten å spørja grunneigar. Det einaste han spurde om var å laga veg bort til hytta, for å koma fram med gravemaskin. På det fekk han nei til svar, det var ikkje nødvendig med veg til det. Alikevel starta han opp med lastebil og graving på annanmans eigedom, utan løyve. Og når ein tar seg tillrette på annanmans eigedom, vert det reagert på.

Men det vert ikkje gjeve løyve frå meg til kjøring med stor bil, eg har lete dei kjøra med personbil. Vert det meir kjøring med stor bil kjem vegen til å bli stengd, då lyt dei gå.

Og skal det kjørast med stor bil må det byggast heilt ny veg, og avkjøyrsla må flyttast bort frå tunet. For slik avkjøyrsla er no, går vegen alt for nær løveggen og rett nedom på andre sida er ein gamal hagemur frå ca. 1850, den er freda. Så der er ingen muligheit til utvidelse. Eg reknar med at bygging av ny veg må søkjast om. Og lengda på vegen som må byggast ny for å kunna kjøyra trygt er ca. 500 m. lang.

Til orientering.

Frå

Jorun Borge

